



Høring - namn på nye adresseparsellar -reguleringsplan 0448.00 detaljregulering for konsentrert bebyggelse nordvest for Løberg, Lyefjell

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Utval for lokal utvikling	023/26	05.03.2026

Kommunedirektøren si innstilling

Følgjande forslag til namn på nye adresseparsellar på Lyefjell - 0448.00 vert lagd ut på høring.

Parsell 1: Marihandvegen

Parsell 2: Gullstjernevegen

Utval for lokal utvikling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULK - 023/26 Vedtak:

Følgjande forslag til namn på nye adresseparsellar på Lyefjell - 0448.00 vert lagd ut på høring.

Parsell 1: Marihandvegen

Parsell 2: Gullstjernevegen

Høyring - namn på nye adresseparsellar -reguleringsplan 0448.00 detaljregulering for konsentrert bebyggelse nordvest for Løberg, Lyefjell

Saka gjeld

Det er oppretta to nye adresseparsellar i nytt bustadfelt ved Løbergvegen på Lyefjell. Parsellane skal nå namnsetjast. Parsellane er oppretta ved administrativt vedtak, sjå vedlegg 1.

Saksopplysningar

Time kommune skal tildela alle gater, vegar, stiar, plassar eller område som blir brukt i offisiell adressering eit namn som er eintydig innanfor kommunen, jf. matrikkelføreskrifta § 51. Etter lov om stadnamn bør nye adressenamn byggja på lokale stadnamn, og skrivemåten skal vera i tråd med reglane i loven.

Det er utval for lokal utvikling som fastset namn på nye adresseparsellar i Time kommune. I denne saka skal utvalet ta stilling til namn som skal leggest ut på høyring. Namneforslaga blir kunngjort på kommunen si heimeside og i Jærbladet, og sendt historielaget og fortidsminneforeininga. Etter høyring får utvalet saka til ny og endeleg behandling.

Endeleg vedtak blir sendt Sentralt stadnamnregister (SSR) for registrering.

Nye adresseparsellar

Begge adresseparsellane har tilkomst frå Løbergvegen, sjå vedlegg 2 og 3.

- Adresseparsell 1, del av f_V2: Innkøyring til delfelt B10b, B10c og B10d mot nord frå Løbergvegen vil få adresser knytt til denne veggen.
- Adresseparsell 2 - f_V3 og f_V4: Innkøyring til delfelt B11a1, B11a2, B11b, B11c og B11d mot sør frå Løbergvegen vil få adresser knytt til denne veggen.

Adressenamn i nærområdet er Løbergvegen, Kvitveisvegen, Smørblomvegen, Klokkelyngvegen.

Vurdering

Etter konsultasjon med lokalkjende har kommunedirektøren kome til at følgande vegnamn vil passa i dette tilfellet:

Parsell 1: Marihandvegen

Parsell 2: Gullstjernevegen

Desse parsellane ligg nær dei andre vegane på Lye som har fått namn etter norske blomar, og det å bruka dette emnet vidare i namngjevinga vil vera gjenkjenneleg og gi ein heilskap til området.

Konklusjon

For dei aktuelle parsellane foreslår kommunedirektøren å leggja desse namneforslaga ut på høyring:

Parsell 1: Marihandvegen

Parsell 2: Gullstjernevegen

Ingen av dei foreslåtte namna er i konflikt med eksisterande vegnamn i Time.

Kommunedirektøren i Time, den 11.02.2026

Trygve Apeland

Vedlegg:

Nye adresseparsellar for namnsetting - Reguleringsplan 0448.00 Detaljregulering for konsentrert bebyggelse nordvest for Løberg, Lyefjell

Reguleringsplan 0448.00

Kartutsnitt - Del av plan 0448.00

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur